

Referat frå møte i FAU - Måndag 14.11.2022

Tid: Måndag 14.11.22, kl.18.00-20.00

Stad: Kinosalen i Fleirbrukshuset

Referent: Even Holskar

1) Orientering frå rektor:

- **Utviklingsarbeid:** Lesing i alle fag 1.-10. og skriving (prosess) med rettleiing. Dette i samarbeid med USN.
- **Nasjonale prøver:** veldig bra resultat for 8. og 9. trinn. God framgang og positiv utvikling. 5. klasse er så få at dei kan ikkje publiserast, men rektor er fornøgd med desse resultat og.
- **Sterk og klar-foreldremøte:** torsdag 24.11. for 9. og 23.11. for 8.
- **Heim skulesamarbeid:** foreldre har kome med tilbakemelding på at dialogmøte var bra. Skam om nokon barn ikkje har det bra. Sei i frå og ver gode rollemodellar.

- 2) **Budsjett for 2023** er i utgangspunktet likt som nå. Ein positiv sak er at alle elevar på ungdomstrinnet får pc frå og med hausten 2023. 500.000 er innvilga over tre år.
- 3) **Utbygging** er presentert for politikarar. Vert omtrentlig 1/3 av prisen som ny. Flotte planar for uteområdet. Venter på prisestimat i desse dagar.
- 4) **Joleball 15.12.** Rektor ønskjer at det skal vere mindre kledepress. Dei skal kunne kome som dei er. 10. klasseforeldre ryddar.
- 5) **Eventuelt:** Spansk. Rektor har kontakta spansk lærer som kan ta det digitalt ved hjelp av eit digitalt undervisningsprogram. Har lyst ut etter lærer, men ikkje funnet den rette. Har og dialog med eit vikarbyrå ang løysing.
- 6) **Fråvær:** Skulebesøk skal ikkje gje fråvær.
- 7) **Arbeidsmengder for elevane:** Ønskje om jamnare arbeidsmengde for ungdomsskulen i gjennom året og i periodane. Elevane må og byrje på arbeidet når det er tenkt dei skal starte.
- 8) **Informasjon frå skulen til foreldre:** Ønskje om at noko informasjon kjem raskare frå skulen.
- 9) **Inntekter til tur:** 9. klasse starter opp med sal av drikke og enkel mat ved jolegateopninga i Tveitsund. Dette er positivt. FAU har elles dette forslaget til fordeling av salsdugnadar:
6. trinn sokkar, 7. trinn 17.mai og kake/karamellsal, 8. trinn dopapir (vår), 9. trinn kalender, tennbrikketer vår. Jolegrantenning.
Elles er det opp til kvar foreldregruppe å å organisere dugnadsarbeid på til dømes festivalar.
- 10) **Joleball:** Oppmodar foreldre til å bytte/gje vekk kjolar. Det er ikkje nokon gjeldande kledekode. Rektor ønskjer ikkje kledepress. Det viktigaste er at elevane kjem og har det moro. Viktig at foreldre (til særleg jentene) pratar med dei om dette og prøver å stå imot innkjøp av dyre kjolar.
- 11) **Skuletur (tema) i 10. klasse.** FAU hadde in fin diskusjon angående skuletur i 10. klasse.
- 12) **Elevturar:** FAU ønskjer at foreldregruppene til dei ulike klassene er veldig tydelege på at det er frivillig om ein ønskjer sin elev med. Frå tid til annan er det enkelte heimar som ikkje ønskjer/kan/vil at eleven skal reise på tur, dette må og i framtida respekterast. Vidare ønskjer FAU at foreldregruppene også i framtida er raus med kvarandre med tanke på at ikkje alle kan delta på alle dugnadar. FAU ønskjer og at foreldregruppene i framtida er raus med tanke på at alle heimane ikkje ønskjer/kan/vil sende nokon vaksne, då er det viktig at andre føresette kan ta ansvar

for andre sitt barn. FAU si hovudopfatning er at dette vert praktisert, så dette er å rekne som ei påminning. Det er så mykje positivt med ein slik tur at det veg opp for dei få negative konsekvensane dette kan få.

Neste møte vert måndag 16. januar klokka 18 i kinosalen.